



Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3645 - 18/36385

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
04.12.2018

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 56/163

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 56/163

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 659/18

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for einebustad , datert 26.11.2018.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om ny avkjørsle i samband med bygging av ny bustad .

Vurdering/drøfting:

Avkjørsle er på enden av regulert kommunal veg der ein har regulert inn både snuhammar og leikeplass. Det er viktig at avkjørsla stettar krav svingradius slik at kjøretøy som skal ut frå avkjørsla står mest mogleg vinkelrett på kommunevegen. Krav til svingradius er sett for å auke tryggleiken til mjuke trafikantar som skal til og frå leikeplassen. For at avkjørsle skal kunne stette krav til svingradius, må mur flyttast lenger inn på tomta.

Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til avkjørsle under føresetnad om at avkjørsle vert bygd i hht tekniske krav.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til søknad om etablering av ny avkjørsel til kommunal veg med heimel i Veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk



utforming av avkjørsle, sikt, svingradius ($r=4$) i begge retningar, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.

- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Da delar av siktzone vert etablert på gbnr 56/162 skal det ligge føre rett til å opparbeide og vedlikehalde siktzone på denne eigedommen. Avtale bør tinglysast.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nhb Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ